

Pål Kårbø

Floghaugane 34 B

5918 Frekhaug

Meland kommune

Att: teknisk

5906 Frekhaug

Frekhaug 5.september 2019

Klage vedr gebyrpunkt i regulativet som er anvendt – Saknr 19/1380 (faktura 50000672)

Eg syner til utsendt gebyr i samband med handsaming av dispensasjonssøknad i sak 19/1380, fakturanr 50000672.

I medio juni i forkant av innsending av dispensasjonssøknad, var eg innom teknisk avdeling, der eg hadde ein kort samtale/veiledning med Larissa Dahl hjå dykk. Vi snakka litt om korleis eg burde søke, og eg spurte også eksplisitt om gebyrstørrelse, og kor vidt eg fekk fleire gebyr dersom eg evt søkte fleire dispensasjonar.

Det eg vart fortald var at gebyret ville bli 5 – 6.000, anten utifrå gebyrregulativ 9.1.3 eller 9.1.5, eg vart ikkje forespeila eit gebyr på kr 11.600 slik som fakturert. Hadde eg blitt forespeila ein kostnad på kr 11.600 uavhengig av utfall på søknaden, så hadde eg kanskje ikkje sendt noko dispensasjonssøknad i det heile.

Eg er kjend med at gebyret til kommunen skal følgja sjølvkostprinsippet, då meiner eg det må vera skilnad på ei større endring i ein arealplan, versus dette som er eit mindre tiltak på 16-17 m2.

Det er nesten i utgangspunktet på grensa til urimeleg, at eg skal betala gebyr for å retta opp ein feil Meland kommune gjorde, då dei godkjende Waldegruppen sin reguleringsplan for utbygging med eit skjermingsfelt inn på ein annan person sin eigedom Gnr 22, bnr 42 (dåverande eigar Arnfinn Mjåtveit).

Eigentleg burde Meland kommune tatt ansvar for å rette opp i denne feilen, som diverre forringar verdien på eigedomen vår, utan av vi var klar over det då vi kjøpte tomten. Eg er likevel innstilt på å betala gebyr etter gebyrregulativ 9.1.3 eller 9.1.5.



Pål Kårbø